

Møteinnkalling

Utval:	Fylkesutvalet
Møtestad:	Scandic Flesland Airport, Blomsterdalen
Dato:	24.10.2019
Tid:	13:00 / Møtet i FUV tek til i det Finansutvalet avsluttast

Kl 09:00 – 11:00 Gruppemøter
Kl 11:00 - Finansutval

Møtestart for fylkesutvalet vert når Finansutvalet avsluttast

Program:

Opning, saksbehandling

Gunnhild Berge Stang (V) har meldt forfall – vara vert kalla inn.

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til Politisk@vlfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkesutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Jon Askeland
utvalsleiar

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
	Godkjenningssaker		
GK 1/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
	Referatsaker		
RS 1/19	Funksjonar i Vestland fylkeskommune - brev frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland	2019/24	
RS 2/19	Vestland fylkeskommune - oversikt over større politiske saker i 2019	2019/25	
	Politiske saker		
PS 1/19	Statlege retningsliner for behandling av søknader om løyve til akvakultur av matfisk av laks, aure og regnbogeaure på land	2019/21	
PS 2/19	Fordelingsnøkkel for partistøtte i Vestland fylkeskommune	2019/20	
PS 3/19	Vestland fylkeskommune - målvedtak i samband med fylkessamanslåinga	2019/12	

Godkjenningssaker

GK 1/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Referatsaker

RS 1/19 Funksjonar i Vestland fylkeskommune - brev frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Jnr. 1097.19

GJG/rr

Hordaland fylkeskommune / Vestland fylke
v/ prosjektleiar Rune Haugsdal
Postboks 7900
5020 Bergen

Vestland – funksjonar lagt til distrikts Hordaland

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har i møte 13. september drøfta det pågåande arbeidet med etablering av det nye Vestland.

I intensjonsavtalen for etablering av Vestlandet var sentrale mål:

- 1) å oppretta ein desentralisert tenestestruktur;
- 2) å sørge for samfunnsutvikling i heile regionen med god balanse mellom storbyen Bergen og distrikta; og
- 3) å utnytta kompetanse og ressursar gjennom desentralisert organisering

I intensjonsavtalen vart det lagt til grunn at funksjonar/seksjonar innan områda veg, opplæring/idrett og næring skulle lokaliserast i noverande Hordaland fylke utanfor Bergen. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har med dette som utgangspunkt ved fleire høve uttalt at minst eitt av desse områda bør lokaliserast til vår region

På dialogmøte på Stord 29.april fekk regionen presentert dei moglegheitene og utfordringane Sunnhordland står overfor, og ikkje minst dei forventningane regionen har til det nye fylke

Sunnhordland hadde, og har, eit sterkt ynskje om at Rogaland og vert ein del av Vestland. Mange argumentere no for at me vert ein utkant i det nye fylket. Det ynskjer me ikkje skal verta ein realitet. Sunnhordland er og vil vera ein viktig region i Vestland. Samarbeidsrådet meiner at ved å leggja sentrale funksjonar ut i regionen vil ein vera med på å nå måla ein har sett seg for utvikling av Vestland – desentralisert tenestestruktur, samfunnsutvikling i heile regionen, god balanse mellom distrikt og storby og utnytta kompetanse og ressursar gjennom desentralisert organisering.

Når den nye organisasjonsstrukturen innan områda veg og opplæring/idrett no ser ut til å medføra svært få eller ingen nye funksjonar/arbeidsplassar til Sunnhordland, vil me uttrykkja ei klar forventning om at Sunnhordland vert tildelt ei betydeleg rolle innan området næring.

Med lokalisering av ei næringsavdeling i Sunnhordland vil fylket ikkje berre bidra til å styrka samfunnsutviklinga i regionen gjennom å tilføra nye kompetansearbeidsplassar, fylket vil også dra vekslar på industritradisjonane, kompetansen og omstillingsevna som finst i regionen vår.

Me vonar prosjektleiar og fellesnemnda vil vektleggja dette når ein no skal arbeida vidare med etableringa av det nye fylket.

Sunnhordland, 25. september 2019

Morten Storebø
styreleiar

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi: Fellesnemnda
Jon Askeland

Notat

Dato: 17.10.2019
Saksnr: 2019/25-1
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Vestland fylkeskommune - oversikt over større politiske saker i 2019

Prosjektleder legg med dette fram ei oversikt over politiske saker som administrasjonen arbeider med, og med planlagt vidare politisk handsaming i 2019. Det vert teke sikte på å legge fram slik oversikt til fylkesutvalet kvart kvartal. Saker som er ferdig handsama og avslutta vert teke ut av lista.

Vedlegg:

- Større politiske saker i 2019

Saker	Hovudutval				Planutvalet	Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring, naturressursar og innovasjon	Kultur, idrett og inkludering				

Avdeling for organisasjon og økonomi								
Budsjett 2020	12.11.19	12.11.19	12.11.19	12.11.19		24.10.19 13.11.19 03.12.19	03.12.19	17./18.12.19
Strategi og reglement for forvaltning av konsesjonskraft						03.12.19	03.12.19	17./18.12.19
Eigarskapsmelding 2020	12.11.19	12.11.19	12.11.19	12.11.19			03.12.19	17./18.12.19
Vedtak om målføre							24.10.19	17./18.12.19
Avdeling for infrastruktur og veg								
Kommunedelplan for Fv 7 Tokagjelet - høyringsuttale		12.11.19					03.12.20	
Høyring om endringer i forskrifter til veglova, vegtrafikkloven og andre lover som gjelder overføring av fylkesvegadministrasjonen fra Statens vegvesen til fylkeskommunene og omorganiseringen av Statens vegvesen		12.11.19					13.11.19	
Avdeling for innovasjon og næringsutvikling								
Statlege retningsliner for behandling av søknader om løyve til akvakultur av matfisk av laks, aure og regnbogeaure på land							24.10.19	
Ny forskrift for Regionale forskingsfond - høyringsuttale			12.11.19				03.12.19	
Regional vassforvaltningsplan - planprogram og hovudutfordringar			12.11.19				03.12.19	

Saker	Hovudutval				Planutvalet	Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring, naturressursar og innovasjon	Kultur, idrett og inkludering				
Partnerskapsmidlar for 2020 til næringsretta utviklingsaktørar i nordre del av Vestland fylke – vurderingskriterium			12.11.19				03.12.19	
Styreform Regionalt forskingsfond Vestland			12.11.19				03.12.19	
Avdeling for kompetanse og opplæring								
Inntaks- og formidlingsforskrift, høyringsgrunnlag	12.11.19						03.12.19	17./18.12.19
Oppnemning av Yrkesopplæringsnemnd	12.11.19						03.12.19	17./18.12.19
Budsjettmodell – prinsipp gjeldande frå 2021	12.11.19						03.12.19	17./18.12.19
Fagskule – reglement, styreoppnemning og samanslåing	12.11.19						03.12.19	17./18.12.19
Ordensreglementet for vidaregåande skular	12.11.19						03.12.19	17./18.12.19
Høyring fritt skuleval	12.11.19						03.12.19	17./18.12.19
Vidaregåande opplæring - tilbudsstruktur	02.12.19						30.01.20	
Avdeling for mobilitet og kollektivtransport								
Framdrift integrering kollektivområdet (Skyss/Kringom)		12.11.19					03.12.19	17./18.12.19
Byvekstavgift for Bergensområdet		12.11.19					03.12.19	17./18.12.19
Prosess for NTP-arbeidet		12.11.19					03.12.19	17./18.12.19
Miljøkrav til drosje i Hordaland/VLFK		12.11.19					03.12.19	17./18.12.19
Handlingsprogram kollektivstrategi Hordaland 2020		12.11.19					03.12.19	

Saker	Hovudutval				Planutvalet	Finansutvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget
	Opplæring og kompetanse	Samferdsle og mobilitet	Næring, naturressursar og innovasjon	Kultur, idrett og inkludering				
Organisering av kollektivtransportområdet i Vestland fylkeskommune		02.12.19					30.01.20	
Avdeling for kultur, idrett og inkludering								
Vestland fylkeskommune si tilknytning til kommunearkivordninga.				12.11.19			03.12.19	17./18.12.19
Nasjonalt utviklingsarbeid knytt til ifyll i kunstgras				02.12.19				
Retningslinjer tilskotsordningar innan idrett og friluftsliv				02.12.19				
Innspel St.meld om idrett				02.12.19				
Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering								
Oppstart regional planstrategi							03.12.19	
Mandat for regional planforum							03.12.19	17./18.12.19

Politiske saker

PS 1/19 Statlege retningsliner for behandling av søknader om løyve til akvakultur av matfisk av laks, aure og regnbogeaure på land

Saksnr: 2019/21-1
Saksbehandlar: Endre Korsøen / Elisabeth Aune

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	1/19	24.10.2019

Statlege retningslinjer for behandling av søknader om løyve til akvakultur av matfisk av laks, aure og regnbogaure på land**Forslag til vedtak**

1. Vestland fylkeskommune meiner det kan vere bra for søkjarar og forvaltninga å ha retningslinjer for tildeling av løyve til landbaserte oppdrettsanlegg for matfisk av laks og aure, men finn at retningslinjene av 4. juli vil vere til hinder for teknologiutvikling for gjennomstrøymingsanlegg.
2. Vestland fylkeskommune vil påpeike at retningslinjene, slik dei er presisert av Nærings- og fiskeridepartementet, utelukkar ein type landbasert oppdrettsteknologi som på sikt kan bli den mest klimavennlege. Det er avgjerande å legge til rette for oppdrettsteknologi som krev minst energiforbruk, og som gjer at straumnettlet ikkje vil vere ein avgrensande faktor for etablering av slike anlegg langs kysten.
3. For å redusere energibehovet foreslår Vestland fylkeskommune at departementet opnar for at botn på produksjonseiningane kan plasserast under lågaste tidevatn.
4. Vestland fylkeskommune vil vise til at ein søknad om etablering av landbaserte anlegg vil krevje detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova og handsaming etter akvakulturlova. Dette vil ivareta kommunale, regionale og statlege interesser.

Samandrag

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) har i brev av 4. juli 2019 kome med retningslinjer av kva som skal definerast som oppdrett av matfisk i sjø og kva som er oppdrett av matfisk på land. Løyve til matfisk av laks og aure i sjø er eit avgrensa gode som staten krev betydelege vederlag for, medan landbaserte løyve til produksjon av matfisk av laks og aure ikkje er avgrensa og er vederlagsfrie. Retningslinjene vil hindre teknologiutvikling for gjennomstrøymingsanlegg, og dermed utelukke ein type landbasert oppdrettsteknologi som krev minst energiforbruk.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Bård Sandal
påtroppande fylkesdirektør for
innovasjon og næringsutvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Vedlegg

- 1 Retningslinjer for behandling av søknader om tillatelse til akvakultur av matfisk på land av laks, ørret og regnbueørret NFD 04.07.2019.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Nærings- og Fiskeridepartementet (NFD) har i brev av 4. juli 2019 kome med ei avklaring av kva som skal definerast som oppdrett av matfisk i sjø og kva som er oppdrett av matfisk på land.

Løyve til matfisk av laks og aure i sjø er eit avgrensa gode som staten krev betydelege vederlag for. Det har blitt betalt opp mot 200 mill. kroner for eit løyve for produksjon av 780 tonn fisk i sjø. Tildeling av ordinære kommersielle løyve til matfisk av laks og aure skjedde sist i 2017. Løyva som då vart tildelt vart selde til høgstbydande. Det mogleg å søke om auke på eksisterande løyve, men berre i produksjonsområde som er grøne. Fargen på produksjonsområdet blir fastsett annakvart år på grunnlag av mengde lakselus på vill laks og sjøaure. Det har ikkje vore mogleg å søke om auka produksjonskapasitet i Hordaland og Sogn og Fjordane.

I 2016 blei det opna for å tildele landbaserte løyve til produksjon av matfisk av laks og aure. Slike løyve er ikkje avgrensa på tal eller størrelse, og er vederlagsfrie. Det er fylkeskommunen som har myndigheit til å gje løyve til oppdrett av matfisk av laks og aure på land. Størrelsen (mengda fisk) det blir gitt løyve til, er hovudsakleg avgrensa av utsleppsløyve frå Fylkesmannen og løyve frå Mattilsynet.


Laksetildelingsforskrifta skil tydeleg mellom løyve gitt til akvakultur av matfisk i sjø og på land. Den fysiske plasseringa av eit anlegg er avgjørande for kva tildelingsreglar myndigheitene skal bruke. Det er presisert at løyve gitt til landbasert akvakulturverksemd ikkje kan overførast til, eller nyttast i sjø.

Avklaring i retningslinjene frå Nærings- og Fiskeridepartementet

I følgje NFD er det produksjonseininga si plassering som vil avgjere om den er definert som akvakultur på land eller i sjø, og dette må vurderast av fylkeskommunen konkret i kvart enkelt tilfelle. For dei fleste saker er dette uproblematisk. For grensetilfella har det i brevet blitt avklart:

Departementet peikar på nokre klare typetilfelle for akvakulturanlegg i sjø og på land.

- *Eit akvakulturanlegg vil klart vere i sjø viss produksjonseiningane flyt i sjø, står på sjøbotn, eller er omgitt av sjø.*
- *Eit akvakulturanlegg vil klart vere på land viss produksjonseiningane står på fast grunn eller på utfylte massar på eit område av jordoverflata som ikkje er dekkja av vatn, og dersom også lågaste nivå (botnen) i produksjonseininga er på eit nivå over høgaste astronomiske tidevatn (HAT i sjø, sjå figur 1) slik at det ikkje er nokon direkte tilknytning mellom produksjonseiningane og sjø.*



Figur 1 Illustrasjonen viser sammenhengen mellom de ulike referansenivåene for høyder og dybder.

I retningslinjene frå NFD heiter det at for akvakulturanlegg som ikkje er omfatta av dei nemnde typetilfella, vil grensedraginga mellom land og sjø måtte avgjerast etter ei konkret vurdering i det enkelte tilfelle.

«I tillegg til at botn i produksjonseiningane må vere over HAT, vil det være sentralt å vurdere hvor produksjonsheten(e) er plassert i forhold til grensen mellom land og sjø. Tilknytningen til havet er et naturlig utgangspunkt ved vurderingen av om et anlegg er plassert på land eller i sjø. Forbindelsen til havet kan være et eller flere sund, kanaler, tuneller, rør eller lignende. Det kan ikke være avgjørende for vurderingen om forbindelsen til havet midlertidig kan stenges eller blokkeres»

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har høve til å gje fråsegn, jf retningslinjer for politiske utval og delegering som vart vedtekne av fylkestinget i oktober.

Vurderingar og verknader

Ved å opne for vederlagsfrie løyve på land har ein fått ein auka interesse for utvikling av teknologi for etablering av landbasert oppdrett, og opna for at nye aktørar kan starte med lakseoppdrett. Det er vesentleg dyrare å bygge og drifte landbaserte anlegg. Tradisjonelle anlegg på land basert på pumping av vatn krev mykje straum. Alternative anlegg der ein i staden for å pumpe sjøvatn nyttar til dømes tidevatn til vassutskifting, vil redusere behovet for straum vesentleg.

På landsbasis har vi i dag fleire initiativ som ønsker å bygge anlegg på land. Det er døme på at anlegg som baserer seg på å pumpe sjøvatn inn i anlegget, vil få så store straumbehov at Statnett ikkje opnar for at dei kan kople seg på kraftnettet. Det finst også initiativ som ønskjer å sprengje ut basseng nær sjøen og bruke tidevatnet som ein naturleg vassutskiftar. Denne teknologien vil redusere straumbehovet betrakteleg, men med dei nye retningslinjene frå NFD vil anlegg som nyttar seg av tidevatnet falle inn under akvakulturløyve i sjø. Fylkeskommunen må, etter dei nye retningslinjene, avvise søknadar med denne typen teknologi.

Anlegg der konseptet er å sprengje seg ned under havoverflata, vil vere avhengig av eit basseng fylt med vatn på land der tette produksjonseiningar er plassert. Eit slikt anlegg vil som i meir tradisjonelle landbaserte anlegg, vere forbunde til sjøen og ta inn og sleppe ut vatn via rør eller tunellar.

Alle landbaserte anlegg av ein viss storleik inneber store naturinngrep. Forskjellen mellom desse to typene anlegg er behov for å sprengje ut eit basseng i tillegg til/ i staden for å planere store flater.

Departementet sin definisjonen av kva som er sjøbasert- og kva som er landbasert oppdrett ekskluderer anlegg som kan nytte tidevatn som vassutskiftar, og vil kunne stoppe utvikling av ein teknologi som kan bli kostnads- og konkurranseeffektiv. Tidevassbasert teknologi i landbaserte anlegg kan på sikt bli berekraftig og miljømessig oppdrettsproduksjon.

Det finst mange måtar å sette grense mellom sjø og land. NFD har brukt høgaste astronomiske tidevatn (HAT) som er den høgaste mogelege vasstanden utan påverknad frå været; mellom anna vind, lufttrykk og temperatur. HAT er referansenivå for høgder på bruer, luftspenn og liknande.

I alle norske sjøkart er referansenivået sjøkartnull. Sjøkartnull er altså nullnivå for djupner i sjøkart og høgde i tidevasstabellar. Det er eit nivå vasstanden sjeldan kjem under, og frå 1. januar 2000 er sjøkartnull lagt til lågaste astronomiske tidevatn (LAT)

For å få minst mogelege energikostnader vil Vestland fylkeskommune foreslå at departementet opnar for at botn på produksjonseiningane kan plasserast under lågaste astronomiske tidevatn, som er eit nivå sjøvasstanden sjeldan kjem under.

Vi kan ikkje sjå at kva topografisk grense som skal gjelde mellom sjø og land skal vere avgjerande for utvikling av landbaserte anlegg. Ein søknadsprosess om etablering må vere i tråd med kommunen sin arealplan, områda må først regulerast, og reguleringsplan må vedtakast i kommunen. Her vil naturinngrepet og verknader for naturmangfald, natur, kulturminne og anna bli vurdert. Om reguleringsplanen vert godkjent

kan det søkast fylkeskommunen om løyve til oppdrett etter akvakulturlova. Det er mange andre tema som skal vurderast for å få godkjent eit landbasert anlegg enn akkurat kva høgde over havet botn på produksjonseiningane ligg.

Økonomi: Ingen direkte verknad

Klima: Ingen direkte verknad, men retningslinjene slik dei ligg føre no vil favorisere teknologi med høgare energiforbruk

Folkehelse: Ingen direkte verknad

Regional planstrategi: Ingen direkte verknad

Konklusjon

Vestland fylkeskommune meiner det kan vere bra for søkjarar og forvaltninga å ha retningslinjer for tildeling av løyve til landbaserte oppdrettsanlegg for matfisk av laks og aure, men finn at retningslinjene av 4. juli vil vere til hinder for teknologiutvikling for gjennomstrøymingsanlegg.

Vestland fylkeskommune vil påpeike at retningslinjene, slik dei er presisert av Nærings- og fiskeridepartementet, utelukkar ein type landbasert oppdrettsteknologi som på sikt kan bli den mest klimavennlege. Det er avgjerande å leggje til rette for oppdrettsteknologi som krev minst energiforbruk, og som gjer at straumnettet ikkje vil vere ein avgrensande faktor for etablering av slike anlegg langs kysten.

For å redusere energibehovet foreslår Vestland fylkeskommune at departementet opnar for at botn på produksjonseiningane kan plasserast under lågaste tidevatn

Vestland fylkeskommune vil vise til at ein søknad om etablering av landbaserte anlegg vil krevje detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova og handsaming etter akvakulturlova. Dette vil ivareta kommunale, regionale og statlege interesser.



DET KONGELIGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Fiskeridirektoratet
Postboks 185 Sentrum
Strandgaten 229
5804 BERGEN

Deres ref

Vår ref

Dato

19/2201-5

4. juli 2019

Retningslinjer for behandling av søknader om tillatelse til akvakultur av matfisk på land av laks, ørret og regnbueørret

Vedlagt følger retningslinjer for behandling av søknader om tillatelse til akvakultur av matfisk på land av laks, ørret og regnbueørret. Retningslinjene er fastsatt av Nærings- og fiskeridepartementet 4. juli 2019 og gjelder inntil de blir endret eller opphevet.

Med hilsen

Martin Hageselle Bryde
avdelingsdirektør

Silje Wangen Myklebust
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Postadresse
Postboks 8090 Dep
0032 Oslo
postmottak@nfd.dep.no

Kontoradresse
Kongens gate 8
www.nfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
912 660 680

Avdeling
Fiskeri- og
havbruksavdelingen

Saksbehandler
Silje Wangen
Myklebust
22 24 63 64

Kopi

Akershus fylkeskommune
Aust-Agder fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Finnmark fylkeskommune
Hedmark fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Nord-Trøndelag fylkeskommune
Oppland fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sør-Trøndelag fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Vest-Agder fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune
Østfold fylkeskommune

Retningslinjer for behandling av søknader om tillatelse til akvakultur av matfisk på land av laks, ørret og regnbueørret

Fastsatt av Nærings- og fiskeridepartementet 4. juli 2019.

I forskrift 22. desember 2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskriften) ble det 1. juni 2016 nr. 652 fastsatt særskilte bestemmelser for tildeling av tillatelse for akvakultur på land. Det følger av kapittel 5a i laksetildelingsforskriften at "[d]et kan gis tillatelse til produksjon av laks, ørret og regnbueørret på land", jf. laksetildelingsforskriften § 28d. Fylkeskommunen "kan" etter en konkret vurdering gi tillatelse til landbasert akvakultur, jf. laksedetildelingsforskriften § 8 første ledd.

Laksetildelingsforskriften skiller tydelig mellom tildeling av tillatelse til akvakultur av matfisk på lokaliteter i sjø/sjøvann, i ferskvann og på land. Den fysiske plasseringen av et akvakulturanlegg er avgjørende for hvilke tildelingsbestemmelser og hvilken regulering som kommer til anvendelse. Det er presisert i laksetildelingsforskriften § 31a at "[t]illatelser gitt til landbasert akvakulturvirksomhet kan ikke overføres til eller benyttes i sjø".

Matfisktillatelser i sjø er et begrenset gode som staten krever betydelig vederlag for, mens matfisktillatelser til akvakultur på land er vederlagsfrie og ubegrensede i antall. Dette er også i tråd med anbefalingene i Laks på land og Meld. St.16 (2014-2015), hvor det ble lagt vekt på at det er store forskjeller mellom rammevilkårene for driften av de ulike tillatelsene.

Retningslinjene som fremkommer i dette dokumentet presiserer anvendelsesområdet for laksetildelingsforskriften kapittel 5a om tillatelse til akvakultur på land, og retningslinjene er begrenset til presisering av skillet mellom akvakultur i sjø og akvakultur på land.

Retningslinjene presiserer også hvordan tillatelser til akvakultur på land skal avgrenses.

1. § 25 første ledd - Tildeling av tillatelse til akvakultur "på land"

1.1 Akvakultur

Laksetildelingsforskriften gjelder tildeling, endring og opphør av tillatelse til "*akvakultur av laks, ørret og regnbueørret*", jf. § 2 annet ledd. Akvakultur er "*produksjon av akvatiske organismer*", hvor produksjon regnes som "*ethvert tiltak for å påvirke levende akvatiske organismers vekt, størrelse, antall, egenskaper eller kvalitet*", jf. laksetildelingsforskriften § 4 bokstav a.

Selve produksjonen av laks, ørret og regnbueørret foregår normalt i "*produksjonsenheter*" som kan være "*merd, kar, dam, bur, poser, avstengning og lignende*", jf. akvakulturdriftforskriften § 4 bokstav t.

På denne bakgrunnen er det nærliggende å forstå laksetildelingsforskriften slik at det er produksjonsenheterens plassering som er avgjørende for hvor akvakulturvirksomheten skal anses å foregå. Dette innebærer at plassering av for eksempel støttesystemer som fôrlager, arbeidsplattformer, renseanlegg etc. er av mindre betydning.

1.2 "På land"

Hvorvidt et anlegg skal anses for å være plassert i sjø eller på land må vurderes konkret i det enkelte tilfelle.

I vurderingen er det nærliggende å ta utgangspunkt i en naturlig språklig forståelse av ordlyden. "Land" er i bokmålsordboken¹ definert som et *"område av jordoverflaten som ikke er dekket av vann"*. Med bakgrunn i denne definisjonen er det nærliggende å legge til grunn at vannflate, vannsøyle og sjøbunn ikke anses som land.

"Sjø" er samme sted definert som *"(del av) det sammenhengende saltvannsområdet på jorden"*. Havet er det sammenhengende saltvannsområdet på jorden, og er i Store norske leksikon² beskrevet som *"den sammenhengende vannmassen som omgir Jordens fastland"*. Kartverket bruker "kystkontur" som begrep for grensen mellom sjø- og land, og i både sjø- og landkartene er denne lagt til middels høyvann.³ Et fellestrekk her synes å være den direkte forbindelsen mellom sjø og hav.

Etter dette kan det pekes på noen klare typetilfeller for akvakulturanlegg i sjø og på land. Et akvakulturanlegg vil klart være "i sjø" dersom produksjonsenheten(e) flyter i sjø, står på sjøbunnen, eller er omsluttet av sjø. Et akvakulturanlegg vil også klart være "på land" dersom produksjonsenheten(e) står på fast grunn eller på utfylte masser på et område av jordoverflaten som ikke er dekket av vann, dersom også laveste nivå (bunnen) i produksjonsenheten(e) er på et nivå over høyeste astronomiske tidevann (HAT) i sjø slik at det ikke er noen direkte tilknytning mellom produksjonsenheten og sjø.

For akvakulturanlegg som ikke omfattes av de nevnte typetilfellene, vil grensedragningen mellom land og sjø måtte avgjøres etter en konkret vurdering i det enkelte tilfelle.

Det vil være sentralt å vurdere hvor produksjonsenheten(e) er plassert i forhold til grensen mellom land og sjø. Tilknytningen til havet er et naturlig utgangspunkt ved vurderingen av om et anlegg er plassert på land eller i sjø. Forbindelsen til havet kan være et eller flere sund, kanaler, tunneler, rør eller lignende. Det kan ikke være avgjørende for vurderingen om forbindelsen til havet midlertidig kan stenges eller blokkeres.

¹ <https://ordbok.uib.no/>

² <https://snl.no/hav>

³ <https://www.kartverket.no/Systemsider/Ordbok/K/Kystkontur/>

2. § 28d andre ledd - Avgrensning av tillatelse til akvakultur på land

Det følger av laksetildelingsforskriften § 28d andre ledd at tillatelse til akvakultur på land avgrenses i "maksimalt tillatt biomasse" (MTB). Ordlyden gir ikke rom for tvil. Maksimalt tillatt biomasse angir hvor stor stående biomasse det kan holdes i anlegget til enhver tid. Det gjøres for ordens skyld oppmerksom på at MTB kan være et lavere tall enn den årlige produksjonen til et anlegg.

Laksetildelingsforskriftens krav til enhet for avgrensning er absolutt, og gjelder uavhengig av om andre sektormyndigheter avgrenser sektortillatelsen på en annen måte. Det er dermed tillatelsens omfang i MTB som skal registreres i Akvakulturregisteret og som skal angis i akvakulturtillatelsen.

Saksnr: 2019/20-1
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.10.2019
Fylkestinget		17.12.2019

Fordelingsnøkkel for partistøtte i Vestland fylkeskommune**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek ordning med støtte til politiske parti i Vestland fylkesting, og vil fastsette økonomiske rammer for ordninga i fylkesbudsjettet for 2020.
2. Fylkestinget legg til grunn at midlar i ordninga vert fordelt med 15% av vedteke ramme fordelt likt på alle parti som grunnstønad, og resten (85%) vert fordelt til partia per. representant i fylkestinget.
3. Fylkestinget går inn for at ordninga gjeld frå Vestland fylkesting er konstituert 15.oktober 2019, og at det vert lagt opp til etterbetaling av perioden fram til 1.1.2020, ved første utbetaling i 2020.

For parti som i dag mottek slik støtte frå dagens fylkeskommunar, vil det bli gjort eit fråtrekk for perioden fram til 1.1.2020. Dersom parti mottek like mykje eller meir støtte i tilsvarande ordning frå dagens fylkeskommunar fram til 1.1.2020, vil dei ikkje motta slik etterbetalt støtte i tillegg frå Vestland fylkeskommune for denne perioden.

Samandrag

På møte i fellesnemnda, 14.februar 2019, vart det handsama sak om godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde. I denne saka vart det og vist til den fylkeskommunale ordninga med partistøtte til partia i fylkestinget, og at ein ville kome attende til fordeling av midlar innanfor denne ordninga i Vestland fylkeskommune.

Prosjektlear legg med dette fram ei sak om fordelingsnøkkel innanfor ei eventuell ordning med tilskot til politiske parti i Vestland fylkesting. Prosjektlear føresler at midlar i ordninga vert fordelt med 15% av vedteke ramme fordelt likt på alle parti som grunnstønad, og resten (85%) vert fordelt til partia per. representant i fylkestinget.

Ordninga er heimla i partilova §10. Fylkestinget gjer endeleg vedtak om vidareføring og økonomiske rammer for ordninga, samt innretning og fordelingsnøkkel innanfor dei vedtekne rammene.

Rune Haugsdal
Prosjektlear

Ingrid Holm Svendsen
påtroppande fylkesdirektør for
organisasjon og økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På møte i fellesnemnda, 14.februar 2019, vart det handsama sak om godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde. I denne saka vart det og vist til den fylkeskommunale ordninga med partistøtte til partia i fylkestinget, og at ein ville kome attende til fordeling av midlar innanfor denne ordninga i Vestland fylkeskommune.

I inneverande budsjett for fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland ligg det inne ei ramme til tilskot til politiske parti i fylkestinget. Tilskotet vert gitt til partia sine fylkeslag. Fylkeskommunane har i dag ulik fordelingsnøkkel for tildeling av slik støtte til dei politiske partia i fylkestinget.

Prosjektlear legg med dette fram ei sak om fordelingsnøkkel innanfor ei eventuell ordning med tilskot til politiske parti i Vestland fylkesting.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer vedtak om partistøtte etter partilova §10.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vedtak om økonomisk ramme for ordninga har budsjettkonsekvens

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Kort om ordninga med partistøtte

Med grunnlag i partilova §10 har fylkeskommunane i dag ei ordning med støtte til politiske parti i fylkestinget. Vanleg praksis er at denne støtta vert utbetalt til fylkeslaga av dei partia som er representert i fylkestinget, og er tenkt nytta til tiltak og støtte inn mot partigruppene i fylkestinget.

I tillegg til denne partistøtteordninga er det i godtgjerslereglementet for folkevalde i Vestland fylkeskommune lagt opp til ei frikjøpsordning for politisk arbeid i partigruppene i fylkestinget med kr. 20 640,- per fylkestingsrepresentant per år. Frikjøpsmidlane vert fordelt mellom partigruppene, og utrekna på fylkestinget sine medlemmer, med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar, hovudutvalsleiarane, kontrollutvalsleiar og gruppeleiarane.

I godtgjerslereglementet er det og lagt opp til frikjøp av gruppeleiarane med kr 318 125,- for grupper inntil 9 medlemmar og kr. 454 479,- for grupper med 10 eller fleire medlemmar.

Partistøtte - dagens samla ramme

Omrekna til 2020 kr er det i budsjettet for inneverande år i Sogn og Fjordane fylkeskommune lagt inn kr 4 946 000 til tilskot til politiske parti i fylkestinget. Tilsvarende beløp for Hordaland fylkeskommune er kr 6 175 000. Tilskot til sekretær for politisk leiing og tilsvarende tilskot til opposisjonspartia i Hordaland fylkesting er ikkje med i dette beløpet. Det er ikkje avklart korleis denne sekretærstøtta til politisk leiing vil bli organisert i Vestland fylkeskommune.

Samla ramme som er sett av til dette føremålet i dei to fylkeskommunane er dermed 11,121 mill. 2020 kr.

Dagens fordelingsnøkkel i dei to fylkeskommunane

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Det er her lagt opp til berekning av tilskot til partia med utgangspunkt i ein grunnstønad på 15 % av ramma (lik sum til kvart parti) og 85 % vert fordelt ut frå stemmer (lik sum per stemme ved valet). Med grunnlag i denne fordelingsnøkkel og valresultatet 2019, vil fordelinga av partistøtte innanfor dagens ramme til det nye fylkestinget i Vestland sjå slik ut:

	Grunnstønad	Stemme	Sum
Arbeiderpartiet	151 650	1 962 458	2 114 108
Høyre	151 650	1 723 636	1 875 286
Senterpartiet	151 650	1 514 783	1 666 433
Folkeaksjonen Nei til mer bompenger	151 650	875 083	1 026 733
Fremskrittspartiet	151 650	827 045	978 695
Miljøpartiet De Grønne	151 650	687 428	839 078
Sosialistisk Venstreparti	151 650	612 149	763 799
Kristelig Folkeparti	151 650	470 423	622 073
Venstre	151 650	341 591	493 241
Rødt	151 650	330 248	481 898
Pensjonistpartiet	151 650	108 006	259 656
Sum	1 668 150	9 452 850	11 121 000

Hordaland fylkeskommune

Det er her lagt opp til berekning av tilskot til partia med utgangspunkt i ein grunnstønad på 12,5 % av ramma (lik sum til kvart parti), 44,5 % vert fordelt per representant (lik sum per representant) og 43 % vert fordelt ut frå stemmer (lik sum per stemme). Med denne fordelingsnøkkelen og valresultatet 2019, vil fordelinga av partistøtte innanfor dagens ramme til det nye fylkestinget i Vestland sjå slik ut:

	Grunnstønad	Pr. repr.	Stemme	Sum
Arbeiderpartiet	126 375	1 065 905	992 773	2 185 053
Høyre	126 375	913 633	871 957	1 911 965
Senterpartiet	126 375	761 361	766 302	1 654 038
Folkeaksjonen Nei til mer bompenger	126 375	456 816	442 689	1 025 880
Fremskrittspartiet	126 375	456 816	418 388	1 001 579
Miljøpartiet De Grønne	126 375	380 680	347 757	854 813
Sosialistisk Venstreparti	126 375	304 544	309 675	740 595
Kristelig Folkeparti	126 375	228 408	237 979	592 762
Venstre	126 375	152 272	172 805	451 452
Rødt	126 375	152 272	167 067	445 714
Pensjonistpartiet	126 375	76 136	54 638	257 149
	1 390 125	4 948 845	4 782 030	11 121 000

Konklusjon - fordelingsnøkkel i Vestland fylkeskommune

Prosjektleiari vil understreke behovet for at fordelingsnøkkelen til partistøtta både ivareteke eit basisbehov til dei mindre partia, men også reflekterer representasjonen dei ulike partia har fått i fylkestinget gjennom kommune- og fylkestingsvalet 2019.

Prosjektleiari vil understreke at dette ikkje bør vere ei partistøtte til den generelle verksemda i fylkeslaga til dei politiske partia, men heller midlar som i størst mogleg grad vert sett av til tiltak inn mot fylkestingsrepresentantane.

Den nasjonale ordninga for partistøtte legg opp til at det kan søkast om støtte til den generelle verksemda i partia, og der tilskot pr. stemme er eit sentralt tildelingskriterium.

For å markere eit skilje til den nasjonale ordninga vil prosjektleiari gå inn for ein fordelingsnøkkel som inneheld ei grunnstøtte på 15% av ramma og der resten vert fordelt til partia pr. representant. Dette vil medføre ei lik støtte til like store partigrupper, samt tydeleggjere at den fylkeskommunale partistøtta i størst mogleg grad bør nyttast til tiltak inn mot fylkestingsrepresentantane, og ikkje fungere som støtte til den generelle partiverksemda slik den nasjonale partistøtteordninga legg opp til.

Fleire andre fylkeskommunar legg og opp til ei slik fordeling pr. representant i tillegg til grunnstønad.

Med ein slik fordelingsnøkkel og valresultatet 2019, vil fordelinga av partistøtte innanfor dagens ramme til det nye fylkestinget i Vestland sjå slik ut:

	Grunnstønad	pr representant	Sum
Arbeiderpartiet	151 650	2 035 998	2 187 648
Høyre	151 650	1 745 142	1 896 792
Senterpartiet	151 650	1 454 285	1 605 935
Folkeaksjonen Nei til mer bompenger	151 650	872 571	1 024 221
Fremskrittspartiet	151 650	872 571	1 024 221
Miljøpartiet De Grønne	151 650	727 142	878 792
Sosialistisk Venstreparti	151 650	581 714	733 364
Kristelig Folkeparti	151 650	436 285	587 935
Venstre	151 650	290 857	442 507
Rødt	151 650	290 857	442 507
Pensjonistpartiet	151 650	145 428	297 078
	1 668 150	9 452 850	11 121 000

Prosjektleiari legg til grunn at ordninga vil gjelde frå Vestland fylkestinget er konstituert 15.oktober 2019, og at det vert lagt opp til etterbetaling av perioden fram til 1.1.2020, ved første utbetaling i 2020.

For parti som i dag mottek slik støtte frå dagens fylkeskommunar, vil det bli gjort eit fråtrekk for perioden fram til 1.1.2020. Dersom parti mottek meir støtte i tilsvarande ordning frå dagens fylkeskommunar fram til 1.1.2020, vil dei ikkje motta slik etterbetalt støtte i tillegg frå Vestland fylkeskommune for denne perioden.

Saksnr: 2019/12-1
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	3/19	24.10.2019
Fylkestinget		17.12.2019

Vestland fylkeskommune - målvedtak i samband med fylkessamanslåinga**Forslag til innstilling**

Fylkestinget vedtek nynorsk som administrasjonsspråk for Vestland fylkeskommune.

Samandrag

I samband med at fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane skal slåast saman til Vestland fylkeskommune, 01.01.20, er det naudsynt med eit nytt målvedtak, jfr vedlagte brev frå Språkrådet, datert 30.august 2019.

Prosjektlear tilrår at nynorsk vert vedteke som administrasjonsspråk for Vestland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
prosjektlear

Ingrid Holm Svendsen
påtroppande fylkesdirektør
for organisasjon og økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med at fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane skal slåast saman til Vestland fylkeskommune, 01.01.20, er det naudsynt med eit nytt målvedtak, jfr vedlagte brev frå Språkrådet, datert 30.august 2019.

Eit målvedtak for Vestland fylkeskommune må gjerast av fylkestinget for den samanslåtte fylkeskommunen etter at fylkestinget har konstituert seg. Vedtaket kan gjerast av fylkestinget hausten 2019, altså før fylkessamanslåinga er gjennomført. Vedtaket kan ikkje gjerast av fellesnemnda for Vestland fylkeskommune.

Nærare om målvedtak etter mållova

Etter lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste (mållova) § 5 første ledd kan eit fylkesting gjera vedtak om å krevja ei viss målform, nynorsk eller bokmål, i skriv frå statsorgan til fylkeskommunen. Fylkestinget kan òg vedta at fylkeskommunen skal vera språkleg nøytral. Ein fylkeskommune som ikkje har gjort uttrykkjeleg målvedtak, vil bli rekna som språkleg nøytral.

Når to eller fleire fylkeskommunar blir slått saman, blir dei tidlegare målvedtaka rekna som bortfalne, slik at den samanslåtte fylkeskommunen må ta stilling til om han skal gjera eit nytt vedtak. Inntil eit nytt målvedtak er gjort, vil den nye fylkeskommunen bli rekna som språkleg nøytral.

Kommunale målvedtak etter mållova § 5 har òg den rettsverknaden at dei ligg til grunn for kva som skal vera tenestemålet for regionale og lokale statsorgan, jf. forskrift 12. mai 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste § 5 andre ledd og mållova § 7.

Oversikt over målvedtak i forskrift til mållova

Målvedtaket skal etter mållova §5 tredje ledd, meldast til departementet, som skal syte for å gjere målvedtaket kjent i statstenesta.

Ei oversikt over målvedtak er fastsett i forskrift til mållova form som forskrift 1. april 2007 nr. 378 om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar (målvedtaksforskrifta, sjå vedlegg).

Dersom ei slik melding blir send til Språkrådet seinast 16. desember 2019, vil Språkrådet syta for at målvedtaket kjem med i ei ny målvedtaksforskrift, som etter planen skal fastsetjast før nyttår, slik at ho kan gjelda frå 1. januar 2020.

Dersom Språkrådet får melding om målvedtak etter 16. desember 2019, vil vi snarast råd registrera målvedtaket og endra målvedtaksforskrifta i tråd med vedtaket.

I 2016 delegerte Kulturdepartementet ansvaret for å oppdatera oversikta over kommunale og fylkeskommunale målvedtak til Språkrådet. Nye målvedtak skal difor meldast direkte til Språkrådet.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse, jfr reglement for fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Økonomi: ingen verknader

Klima: ingen verknader

Folkehelse: ingen verknader

Regional planstrategi: ingen verknader

Fylkesrådmannen viser til inngått intensjonsavtale for samanslåing av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, datert 17.01.17, der følgjande er nedfelt:

«3.7 Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk

Nynorsk vert administrasjonsspråk og statleg tenestespråk for den nye regionen.»

I ein tidlegare fase i gjennomføringa av regionreforma, vart inngått intensjonsavtale mellom fylkeskommunane Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane lagt ut på open høyring. Det var eit stort fleirtal av dei innkomne høyringsfråsegnene i Hordaland og Sogn og Fjordane, både frå kommunar, organisasjonar og andre, som understreka behovet og kravet om at nynorsk vert administrasjonsspråk i den nye fylkeskommunen. I uttalane vert behovet for å verne om nynorsk som skriftsspråk uttrykt, og at nynorsk er ein av dei viktigaste identitetsberarane på Vestlandet.

Konklusjon

Prosjektlear tilrår at nynorsk vert vedteke som administrasjonsspråk for Vestland fylkeskommune.

I tillegg vil prosjektlear understreke behovet for eit enkelt, klart, lettfatteleg og brukarvenleg språk. Språk er viktig i arbeidsdagen til praktisk tala alle medarbeidarane våre, og særleg i kontakt med brukarar og samarbeidspartar.

For å oppnå målsetjinga om eit enkelt, klart, lettfatteleg og brukarvenleg administrasjonsspråk, vil prosjektlear seinare legge fram ein målbruksplan med forslag til retningslinjer og tiltak for gode språkkunnskapar.

Vestland fylkeskommune

Dykkar ref.

Vår ref.
16/534-83/KJA

Dato
30.08.2019

Vestland fylkeskommune – målvedtak i samband med fylkessamanslåinga

I samband med at fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane 1. januar 2020 skal slåast saman til ein ny fylkeskommune med namnet *Vestland fylkeskommune*, er det naudsynt med eit nytt målvedtak. Både Hordaland og Sogn og Fjordane er i dag registrerte med nynorsk som målvedtak.

Framgangsmåte for nytt målvedtak

Eit målvedtak for Vestland fylkeskommune må gjerast av fylkestinget for den samanslåtte fylkeskommunen etter at fylkestinget har konstituert seg. Vedtaket kan gjerast av fylkestinget hausten 2019, altså før fylkessamanslåinga er gjennomført. Vedtaket kan ikkje gjerast av fellesnemnda for Vestland fylkeskommune.

Språkrådet bed om at det blir meldt frå til Språkrådet når Vestland fylkesting har gjort målvedtak for den nye fylkeskommunen, eventuelt om fylkestinget har vedteke at fylkeskommunen skal vera språkleg nøytral.

Dersom ei slik melding blir send til Språkrådet seinast 16. desember 2019, vil Språkrådet syta for at målvedtaket kjem med i ei ny målvedtaksforskrift, som etter planen skal fastsetjast før nyttår, slik at ho kan gjelda frå 1. januar 2020.

Dersom Språkrådet får melding om målvedtak etter 16. desember 2019, vil vi snarast råd registrera målvedtaket og endra målvedtaksforskrifta i tråd med vedtaket.

Målvedtak skal etter mållova § 5 tredje ledd meldast til departementet, som skal syte for å gjera målvedtaket kjent i statstenesta. Ei slik oversikt er fastsett i forskrifts form som *forskrift 1. april 2007 nr. 378 om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar* (målvedtaksforskrifta, sjå vedlegg). I 2016 delegerte Kulturdepartementet ansvaret for å oppdatera oversikta over kommunale og fylkeskommunale målvedtak til Språkrådet. Nye målvedtak skal difor meldast direkte til Språkrådet.

Nærare om målvedtak etter mållova

Etter [lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste](#) (mållova) § 5 første ledd kan eit fylkesting gjera vedtak om å krevja ei viss målform, nynorsk eller bokmål, i skriv frå statsorgan til fylkeskommunen. Fylkestinget kan òg vedta at fylkeskommunen skal vera språkleg nøytral. Ein fylkeskommune som ikkje har gjort uttrykkeleg målvedtak, vil bli rekna som språkleg nøytral.



Postadresse
Postboks 1573 Vika
NO-0118 Oslo

Besøksadresse
Observatoriegata 1 B
NO-0254 Oslo

Sentralbord
+47 22 54 19 50

E-post
post@sprakradet.no
Internett
www.sprakradet.no

Organisasjonsnummer
971 527 404

Når to eller fleire fylkeskommunar blir slått saman, blir dei tidlegare målvedtaka rekna som bortfalne, slik at den samanslåtte fylkeskommunen må ta stilling til om han skal gjera eit nytt vedtak. Inntil eit nytt målvedtak er gjort, vil den nye fylkeskommunen bli rekna som språkleg nøytral.

Kommunale målvedtak etter mållova § 5 har òg den rettsverknaden at dei ligg til grunn for kva som skal vera tenestemålet for regionale og lokale statsorgan, jf. [forskrift 12. mai 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste](#) § 5 andre ledd og mållova § 7.

Moglege endringar i forslaget til ny språklov

Kulturdepartementet sende 23. august 2019 eit [forslag til ny språklov](#) på høyring. Den nye språklova skal m.a. erstatta dagens mållov. I forslaget kjem det fram at departementet vurderer å innføra reglar som vil innebera at fylkeskommunar ikkje lenger skal gjera egne språkvedtak (det same som «målvedtak» i gjeldande mållov). I staden skal fylkeskommunar vera omfatta av same reglar som statsorgan med mindre enn heile landet som tenestekrins, såkalla regionale statsorgan.

Dette er eitt av to alternativ som er sende på høyring. Det andre alternativet er at fylkeskommunar framleis skal kunna gjera egne målvedtak, slik dei kan etter gjeldande mållov.

Meir informasjon

Vi minner om Språkrådets rundskriv dagsett 30. oktober 2017 til kommunar og fylkeskommunar som er involverte i samanslåingsprosessar. Rundskrivet er lagt ved dette brevet.

Dersom de har spørsmål, kan de ta kontakt med Språkrådet.

Vennleg helsing

Margrethe Kvarenes
seksjonssjef

Kjetil Aasen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:
Vestland fylkeskommune

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane
fylkeskommune

Vedlegg:
Forskrift om målvedtak_2019 71402
Rundskriv om målvedtak etter
mållova i samband med
kommune- og
fylkessamanslåingar – nynorsk

